

Referat frå styremøte i Vestfold sau og geit 17 oktober 2016.

27/16 Innkalling og sakliste godkjent utan merknader

28/16 Referatet frå møte 1.juni godkjent utan merknader

29/16 Innkommen post og referat

- Søknad om støtte til Gambia tur. Formann foreslår 1500,-
Blir vanskeleg å kunne ha ein slik praksis da søknaden kjem frå ein enkeltperson. Vanskeleg å sjå den tydelege samanhengen med VSG. Da dette synes å vere utafor VSG sitt fagfelt.
Prinsipielt: Må være ein tydeleg sauerelatert aktivitet før Vestfold sau og geit kan yte støtte.
På denne bakgrunn avslår styret i VSG søknaden.
- Lars Bjarne Linneflaatten stod som kontaktperson for seminkurs 11 oktober. Praksisdelen vart også utført i hans fjøs. Flink foredragshaldar. Totalt 14 deltakarar. Ikkje behov for seminkurs kvart år. VSG ventar på oppfordring før neste kurs.
- Støtte til NSG sitt beiterettsfond tas opp i styret når ein har oversikt over den økonomiske situasjonen.

30/16 Evaluering av turen til Valle i Setesdalen

Det hadde vore ynskjeleg med større deltaking på arrangementet.

Opplegg og innhald for turen var bra. Moro at Magnus Heian stilte opp i speedklypping.

Lærdom for ein Vestfoldbonde i Setesdalen. "Forståeleg at slike fjøs blir bygde i slike område"

VSG må arbeide for å styrkje miljøet blant sauefolket.

Økonomien for turen. Alle betaler eigenandelen på kr 1000,-.

VSG ynskjer å planlegge ny tur om 2 år.

31/16 Kurs som medlemsmøteserie ?

- Kurs med opplegg lik kompetansebevis. 4 moduler.

Søke støtte i BSF og kompetansemidler hjå fylkeskommunen. Etter endt kurs bør det delast ut deltakerbevis. Kva samling avsluttast med "fylkeslagets time "

Kursopplegget skal planleggast på neste styremøte

32/16 Planlegge haustmøte 26 oktober.

"Korleis få lam i påsett" v/ Finn Avdem, Nortura SA

Nortura Tønsberg kl. 19:00

- Leggast ut på nettsidene til VSG – Åsne
- Sende invitasjonen ut som e-Post – Torhild
- Sende påminnings SMS dagen før.
- Møterom bestilt
- Lars Bjarne bestiller mat.
- Lars Bjarne bestiller ullsekkar frå Gol. Dei bør vere på plass til medlemsmøte.

Avklare med NSG om det er noko formelt imot å sende årsmøteinnkalling på e-post.

33/16 Representantskapsmøte i NSG

Torstein møter.

Revisjon av lags lovene: Årsmøte kvart år og representantskap i oktober.

Gras i sone 1. Tilskot til gras i sone 1. Småskiftetillegg som eit alternativ. Må inn eit Agronomisk argument for å sikre god (berekraftig drift).

Kva som ligg i begrepet småskifte må faglaga definere. Gras på utgatte areal i Vestfold bør kartleggast for å ha som element i debatten.

Torstein tek opp tema på representantskapsmøte. Gras i sone 1 og småskiftetillegg nasjonalt.

" Potten er lik. Skal nokon ha meir må andre få mindre"

34/16 Økonomisk rapport

165 000,- på konto.

Drift stort sett innafør budsjett. Lars Bjarne skal bestille ullsekkar- kostnad 19 000,- Desse Skal gratis ut til medlemmane.

35/16 Eventuelt

- **Evaluering av deltaking på open gard.**
Burde hatt litt rekvisita, plakatar, roll-up mm
Gjetarhundoppvisning ok
Saueklypping ok.
VSG kan jobbe vidare med open gard-konseptet. Stort potensiale.
- **HMS i landbruket. Ivaretaking av bondens helse.**
Strategiar: Korleis handtere motgang
Tema for eit møte.
- **Semin 2016**
Begrensning på bestilling, forbeholdt ring. Orientering
- Verving av nye medlemmer i VSG- potensiale
- Lam 2017. VSG oppfordrar til deltaking.
- Facebook. VSG burde oppretta ein profil. Dag undersøker om han han nokon som kan ta på seg denne oppgåva.